

Fure (*Pinus silvestris*)

Vårt viktigaste nyttetre!



1: Grein med to raude hoblomar. 2: Kortskot med to bladskjell og to avskorne nåler. 3: Hoblomar. 4: Fruktblad sett frå undersida. 5: Hannblomar. 6: Pollenbærer sett frå sida. 7: Pollenbærer med opne pollensekkar sett frå undersida.

TIDLEGARE BRUK

Dette lyseelskande og nøysame treet høyrde i førkristen mytologi til dei heilage trea. I Noreg har fure vore det viktigaste nyttetreet opp gjennom tidene. Nokre bruksområde:

Furetømmer er fastare og hardare enn gran. Stavkyrkjene er bygde av fure, noko som vitnar om kor haldbar veden er.

Tjøre vart laga av furuspik (tyri; fureved full av kvae). Tjøre og harpiks som blant anna inneheld terpentin, var viktig i folkemedisinen og i folketrua. Tjøre vart brukt til all slags smurning, og det vart laga bek av den. Til og med vin vart laga av tjøra. Tyristikker vart brukte som faklar.

Kol vart også laga av fure.

Pollen vart nytta til å laga barnepudder av.

Makkemjøl av fure vart brukt til sårpulver.

Borken vart blant anna brukt til borkebrød.

BRUK I DAG

Fure er framleis vår viktigaste nyttetre her i distriktet. Furumaterialet er populært og står for heilnorsk kvalitet.

Enkelte produkt av fure vert framleis brukte i medisinske preparat og selde på apoteka. I monterer kan du sjå nokre av dei:

Terpentinbalsam (*Balsamum terebinthinae*) er framstilt av ulike *Pinus*-artar og vert nytta i plaster og bandasjar.

Nåletjøre (*Pyroleum pini*) vert laga av furuved og brukt mot hudsjukdomar.

Fura set ein krans med greiner øvst på kvart årsskot. Ein kan difor sjå nokolunde kor gammalt treet er ved å telja greinkransar på stamma. Rund topp syner at treet har slutta å veksa. Treet er framleis i vekst når toppen er spiss. Det kan bli rundt 35 m høgt.

VEKS DESSE TRE ENNO?